

«Så spiller vi harmonika»

To lokale og 24 munnspelarar frå heile landet er denne helga samla til seminar i Vågå. Samlinga blir avrunda med kyrkje-konsert søndag kveld. Sigmund Groven har fått med seg Reidar Svare som gjeste-artist.

Av Ketil Sandviken

VÅGÅ: – Kjempemessig og svært inspirerende. Eg har ønskt å få treffe han i årevis.

Slik beskriv Arild Rønningen (61) frå Vinstra korleis han opplever å bli instruert av Sigmund Groven. Beatlesprodusent Sir George Martin karakteriserer Groven som ein av verdas finaste utøvarar som arvtakar for sin legendariske læremeister Tommy Reilly.

Ein kjær hobby

Rønningen er ein av to med lokal tilknytning. Den andre er 15 år gamle Christian Fredrik Nagell-Erichsen, med mor frå Vågåmo og hytte ved Gjende, er han for halv vaggvær å rekne.

– Munnspel er eit komplisert instrument med halvtonar heile vegen, seier Rønningen. Som har spelt frå han var liten. I seinare år med sterkare interesse for det kromatiske spelet med tanke på jazz



FRAMTIDA: Fremst Sigmund Groven, bak fr.v. munnspelmakar Georg Pollestad, pianist Ivar Anton Waagaard, Arild Rønningen, Vinstra, instruktør Tore Reppe, halvt vaggvær Christian Fredrik Nagell-Erichsen (15) og instruktør Vegard Austli Kjøsnes. Foto:K. Sandviken

og klassisk repertoar. Men det er og blir ein kjær hobby.

Likeeins for 15-åringen frå Nesodden.

– Eg er ein glad amatør, og vil ha det som hobby, men har lyst til bli betre og spela raskare musikk. Nesten halve greia med seminaret er det gode miljøet med kjempegreie folk på alle nivå, seier

Nagell-Erichsen.

Sjølvsynte med munnspel

– Utviklinga er positiv. Det kjem stadig nye elevar, og nå er vi langt betre skodd med instruktørar enn da eg tok til og måtte oppsøkje Reilly i England, seier Groven. Tidlegare elevar er med som instruktørar. Det har skjedd ei

knoppskyting.

– Og så er vi sjølvforsynte med spel etter som vi har med oss verdas beste munnspelmakar, Georg Pollestad frå Bryne. Alle her har «Pollespel», seier Groven.

– Er munnspelet respektert?

– Ja, eg synest det, for det blir brukt i alle samanhengar. Eg har til og med vore med på å spela inn

hiphop-plate, seier Groven. Sjølv identiteten på norsk munnspeling med Reodors ballade i Flåklypafilmen, Vårsøg av Henning Sommero og ikkje minst «Nå spiller vi harmonika» med Erik Bye som glansnummer.